

Kontrollutvalet

SEKOM-sekretariat

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
05/19	Styret for SEKOM-sekretariat	04.04.2019

Arkiv	Sakshandsamar	
FE - 210	Arnar Helgheim	

Årsmelding 2018 for SEKOM-sekretariat

Vedlegg i saka:

03.03.2019 Årsmelding 2018 for SEKOM-sekretariat (framlegg)

Tilråding frå dagleg leiar:

Framlegg til årsmelding 2018 for SEKOM-sekretariat vert godkjent.

04.04.2019 Styret for SEKOM-sekretariat

Handsaming:

7 møtande, og styret er difor ikkje vedtaksføre.

Dagleg leiar gjekk gjennom og informerte om årsmeldinga.

Saka vart drøfta.

STY-05/19 Vedtak:

Saksutgreiing:

Frå og med 2017, endra vi mal for årsmelding. Sjølve årsmeldingsdokumentet inneheld ikkje lenger rapport frå dagleg leiar til styret. Dette ligg i saksutgreiinga nedanfor.

Arbeidsplan – status

Nedanfor er tilbagemelding frå dagleg leiar til styret om status i høve den vedtekne arbeidsplanen:

Tenester til kontrollutvala
Mål
Kontrollutvalsmedlemene skal oppleve vervet som nyttig og interessant.

Kontrollutvalsmedlemene skal få den kunnskapen dei treng for å utføre vervet på ein god måte.	
Kontrollutvalsmedlemene skal kjenne seg trygge i rolla si opp mot andre folkevalde organ, administrasjon, revisjon og sekretariat.	
Sekretariatet skal ha kompetanse til å yte god sakshandsaming og gi gode og relevante råd til kontrollutvala.	
Tiltak	Status
Opplæring som del av kontrollutvalsmøta. Både sekretariat og revisor tilbyr dette etter avklaring med kvart utval.	Revisor og sekretariat informerer knytt til aktuelle saker.
	Vi har også byrja å førebu oppstart for nye utval etter kommunevalet hausten 2019.
Tilby samlingar for fleire utval med fagleg innhald. Gjerne med ekstern bidragsytar i tillegg til sekretariat og revisor.	Felles kontrollutvalsmøte i samanslåingkommunane. Kontrollutvalsdagen i 2017. Ikkje tilsvarande fellesarrangement i 2018.
Bidra til godt samarbeid mellom utvalsleiar og ordførar / rådmann i kvar kommune. Mellom anna for å sikre at sakene vert presentert på ein god måte i kommunestyret, helst med innleiing frå kontrollutvalsleiar.	Vi har først og fremst kontakt med rådmenene i samband med for- og etterarbeid til kontrollutvalsmøta.
	I dei fleste kommunane har utvalsleiar presentert saker frå utvalet når dei vert handsama i kommunestyret.
	Det har vore nokre mistydingar ved handsaming av saker frå utvalet. Desse tilfella har vi avklara direkte med rådmannen.
Fast orienteringssak om rekneskapsrevisjon på haustmøte i utvala.	Dette har vore gjennomført i 14 av 15 utval. (I det eine utvalet vart det kollisjonar for revisor). Vi ser på ei vidareutvikling av denne informasjonen i samband med rettleiing frå FKT om kontrollutvalet sitt påsjånsvar overfor revisor.
Tilsette held seg oppdatert på fagområda ved deltaking på kurs og konferansar. I tillegg til aktiv deltaking i sekretariatforum for Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal	Norges kommunerevisorforbund (NKRF) si kontrollutvalskonferanse 7. og 8. februar (begge tilsette)
	Forum for kontroll og tilsyn (FKT) si sekretariatkonferanse 20. og 21. mars (begge)
	FKT si fagkonferanse med årsmøte 29. og 30. mai (begge)
	Sekretariatforum for Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal 20. juni (begge)
	Vestlandssamling for sekretariat den 4. og 5. oktober (begge)
	Fagsamling for kommunerevisorar og sekretariat i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal den 22. og 23. november (dagleg leiar)

Følgje opp kontrollutvalsfunksjonen i kommunar som slår seg saman.	<p>Det er 4 konstellasjonar i SEKOM sitt område: Stad, Kinn, nye Volda og Sunnfjord</p> <p>SEKOM har samarbeidd med Vest kontroll om oppfølginga i 3 av samarbeida.</p> <p>Alle desse har hatt 2 felles kontrollutvalsmøte i løpet av 2018</p> <p>Kontrollutvalsleiarane har informert i fellesnemnda. Saman med Vest kontroll og revisorane, utarbeidde vi presentasjonar som heilt eller delvis vart nytta.</p>
Forvaltningsrevisjon og selskapskontroll	
Mål	
Forvaltningsrevisjon og selskapskontroll skal bidra til kvalitetsutvikling i kommunane.	
Revisjonsprosjekta skal gi kommunestyret/bystyret nyttig kunnskap og styringsinformasjon.	
Minst 1 forvaltningsrevisjon eller selskapskontroll kvart år i valperioden.	
Tiltak	Status
Greie ut og tilrå tydelege og godt avgrensa tingingar til revisjonsselskapa. Særleg unngå for mange vide og uklare prosjekt med lang leveringstid.	Det har fungert godt å greie ut tinging ut frå vedtekne planar. Spesielt dei korte stikkorda om kvart punkt i planane har vore til god nytte.
Bidra til at dei prioriterte revisjons- og kontrollprosjekta er relevante og i tråd med vurdering av risiko og vesentlegheit.	Det har vorte meir diskusjon om å endre prioritering av prosjekt. Vi ser på dette som naturleg når det er gått lenger tid sidan vedtak om plan, og det er få prosjekt igjen i perioden. I ein del høve, har oppkomne saker gjort at utvala har tinga mindre revisjonsrapportar ved sidan av den formelle forvaltningsrevisjonen.
Samarbeide med dei to revisjonsselskapa både om utgreiing til planane for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll og ved tinging av enkeltprosjekt.	Vi sender førebels framlegg og utgreiing til revisor for innspel nokre dagar før utsending til kontrollutvalet. Vi drøftar også prosjektutforminga i uformelle møte med forvaltningsrevisorane.
Legge opp til at kontrollutvala drøftar prioritering av prosjekt med utgangspunkt i overordna analyse og plan for forvaltningsrevisjon og	Det er berre eit par av utvala som har hatt dette som eiga sak. For det meste, har vurderinga vore uformell ved førebuing til ny tinging.

selskapskontroll minst ein gong i løpet av valperioden.	
Følgje opp og drøfte framdrift, problemstillingar, ressursbruk med meir med revisjonsselskapa.	Vi har dialog med revisor under vegs i prosjekta. Vi følgjer opp med å etterspørre levering frå revisor når fristen er gått ut.
	Møte med KRYSS Revisjon 23.8. om status og framdrift på forvaltningsrevisjonar. Slikt møte har vi hatt 1 - 2 gongar pr år.
	Sidan det gjeld færre kommunar (4), har vi ikkje hatt slikt møte med Kommunerevisjonen i Nordfjord. Vi har hatt god dialog med dei i samband med møte og pr telefon / e-post
	Møte med begge revisjonsselskapa den 18.12.18 med hovudfokus på førebuing av overordna analyse.
	Sjå også oversikt i slutten av utgreiinga.
Bidra til praktiske avklaringar og forventningsavklaring mellom revisjonsselskap og kontrollutval.	Vi er drøftingspart for revisor ved tolking av oppdraga.
Bidra til at kontrollutvala også tingar andre revisjonsrapportar på meir avgrensa område.	Det er stor variasjon mellom utvala i kor aktive ein har vore i å bestille "mindre" rapportar. Særleg Flora har nytta dette på ei måte som vi ser på som nyttig.
	Vi ser føre oss å arbeide inn bruken av andre revisjonsrapportar på ein tydelegare måte i dei nye planane som vi skal arbeide med i 2020.
Andre prioriteringar	
SEKOM-sekretariat er opne for å drøfte mogelege strukturendringar med andre kontrollutvalssekretariat. Selskapet er også opne for å yte tenester til andre enn dei 15 eigarkommunane jf § 3 i vedtektene. SEKOM-sekretariat startar arbeidet med å greie ut konsekvensar som følgje av endring i eigarkommunar i samband med kommunereform.	Eg viser til eiga sak til styremøte 4. april om sekretariatstruktur.
Ved utgangen av 2017 er det sett av kr 140.000 i bufferfond. Meiniga er at fondet skal vere så stort at selskapet kan dekke spesielle svingingar i utgifter eller	Kr 50.000 vart avsett i samsvar med budsjettet. Pr 31.12.18 er det kr 190.000 i samla bufferfond.

inntekter. Særleg er det pensjonskostnadane som svingar frå år til år. Fondet bør vere på ca 10% av kommunetilskotet. Ut frå budsjett 2017 betyr det ca kr 260.000.	
---	--

Forvaltningsrevisjon og selskapskontroll

Status pr 31.12.18 for forvaltningsrevisjon, selskapskontroll og revisjonsrapportar som vert levert av KRYSS Revisjon og Kommunerevisjonen i Nordfjord:

Kommune	Levert / tinga	Kommune	Levert / tinga
Askvoll	3	Gulen	3
Bremanger	4	Hornindal	4
Eid	4	Hyllestad	3
Fjaler	3	Jølster	4
Flora *	9	Naustdal	3
Førde	4	Solund	3
Gaular	4	Stryn	4
Gloppen	4		

*) Flora har hatt ein strategi i utvalet om mest andre (mindre) rapportar enn forvaltningsrevisjon.

(Tabellen inneheld både ferdig leverte rapportar og prosjekt som er i arbeid).

Opplæring / kurs / seminar

Med eit lite fagmiljø i selskapet, er det etter dagleg leiar sitt syn viktig at tilsette deltek i relevante regionale og landsdekkande samlingar. Det har også vore nyttig at styret har vore representert i nokre slike samlingar. Oversikt over deltaking i 2019:

Tidspunkt	Stad	Samling	Deltaking
7. og 8. februar	Gardermoen	NKRF si kontrollutvalskonferans	2 tilsette og 1 frå styret
20. og 21. mars	Lillestrøm	FKT si sekretariatkonferanse	2 tilsette
29. og 30. mai	Gardermoen	FKT si fagkonferanse og årsmøte	2 tilsette og 2 frå styret
20. juni	Kalvåg	Sekretariatforum for Møre og Romsdal / Sogn	2 tilsette
4. og 5. oktober	Flesland	Vestlandssamling for sekretariat	2 tilsette
22. og 23. november	Ålesund	NKRF si fagsamling for Møre og Romsdal / Sogn	1 tilsett